

Fredsfesten

Då freden braut laus i Valdres

Endeleg — etter 61 dystre månader med krig og okkupasjon, 8. mai for 40 år sidan braut freden laus. Brått var det blafrande flagg på alle flaggstenger, og jubelen ville liksom ingen ende ta.

Norge var atter eit fritt land, meinte dei aller fleste. Unntaka var dei som under okkupasjonen hadde meldt seg til teneste for det einaste partiet som tyskarane tillet, Nasjonal Samling. For dei vart nok frigjeringsdagen eit mareritt. Mange hadde kome seg høgt på strå ved samarbeidet med

okkupantane, men no i maida-gane opplevde dei å bli arrestert av unge heimfrontfolk med armbind og knickers.

Det var noko av det fyrste som skjedde rundt om i landet etter at meldinga om tysk kapitulasjon kom natt til 8. mai 1945. NS-medlemmene vart pågripne og tekne i forvaring. I Valdres vart dei samla opp i eigen leir på Fagernes, og det venta lange fengselsstraffer på dei fremste.

Men i maida-gane 1945 var det store fleirtalet lukkelege for å ha overlevd dei vanskele-

ge åra. I by og bygd, i nord og sør, stod heile landet i eit samhengande jubelbrus. Mange hadde venta på desse dagane sidan dei tyske jernhælane hærtok Norge i april 1940.

Alle har sett bilda frå frigjeringsdagane i Oslo. Folkemassane langs Karl Johan kokte då norske soldatar, politikarar og medlemmer av kongefamilien fekk transport gjennom folkehavet.

Mindre kjent er lokale fotografi frå frigjeringsfesten. «Valdres» kan i dag gje att ein del slike bilde frå Fagernes, Hedalen og Øystre Slidre. Det er lesarane av avisa som har lånt oss fotografia, noko vi er takksame for.



2

BILDE 1: Eit norsk vimpelflagg i Midtre Hegge 7. mai 1945. Litt tjuvstarting på frigjeringsfeiringa kunne forekoma. Ryktene svirra i lufta desse dagane. Denne flaggstonga vart reist på ein-totre den 7. mai. Bildet er lånt av Fritz Holst, Oslo, som i 1945 var busett i Øystre Slidre. Holst har også lånt oss fleire av bilda som er presenterte på desse sidene.

BILDE 2: Ottar Berger (til venstre) var område-sjef for heimstyrkane under okkupasjonen. Her er Berger fotografert saman med nestkommanderande Syver Robøle. Bildet er teke i pinsa 1945.

BILDE 3: Musikkorpset gjekk fremst i opptoget gjennom Fagernes 20. mai. Mange kjende andlet kan identifiserast her. Om lag 3000 tilskodarar var møtt fram på Fagernes denne vårdagen for å hylle dei lokale heimstyrkane, som utgjorde om lag 800 mann. Fotograf er Nils Neste.

BILDE 4: To kvinner frå Midtre Hegge på tur til gudstenesta i Hegge kyrkje 17. mai. Turen fram og attende var lang, men ingen rekna på slikt når det var lov å ha med seg norske flagg. Bildet er teke av Fritz Holst rett ned for Søre Hegge. Kvina til venstre er Marit Hedalen.



1

BILDE 5: «Kjære kamerater. Endelig er dagen kommet da HS-styrkene fra hele Valdres kan samles her på Fagernes.» Ifølge referatet i «Valdres» opna Ottar Berger talen til 800 heimfrontsoldatar 20. mai 1945 slik. Alle troppene gjekk gjennom Fagernes sentrum til museumsplassen der sjølve festen vart halden.

«Valdres» har lånt bildet av Borghild Hermansen frå Hedalen.

BILDE 6: Glade ungar på Skogo i Øystre Slidre på frigjeringsdagen for 40 år sidan.

BILDE 7: Kristoffer Hermansen (til venstre), Tidemand Fekjær (fremst) og Kristofer Storruste (til høgre) var alle heimfrontsoldatar frå Hedalen. I motsetning til andre HS-styrker i Valdres var styrkene frå Hedalen godt uniformerte. Dei hadde også bra med våpen og eigne kjøretøy. Marit Skogen frå Oslo eig bildet.

BILDE 8: Ein del av heimstyrkane i Øystre Slidre utanfor gamle Tingvang like etter frigjeringsdagen. Dei færraste hadde uniform, og ein av veteranane fortel at dei var som «Tito-bander». Men armbindet var uniform god nok.

BILDE 9: Det var noko spesielt med 17. mai-toga i 1945. Korkje før eller seinare har vel den dagen hatt eit sterkare innhald. Bildet, som er lånt av Marit Skogen, er ifrå Hedalen.



3



4

